

Sogndal 26.11.2013

Det Kongelige Kommunal- og Regionaldepartement
Epost: postmottak@krd.dep.no

Rapport og rekneskap for 2013 og førespurnad om sluttutbetaling av tilskot til bulystprosjektet «Møteplass og kunnskapsbase for fjellsport og ekstremспорт»

Hei!

Viser til dykkar referanse 11/1314-28 KRT med tilskot til bulystprosjektet Møteplass og kunnskapsbase for fjellsport og ekstremспорт.


Vedlagt ligg tekstrapport og rekneskap for 2013 med revisor sin beretning.

På bakgrunn av dette ber vi om at resten av tilskotet til prosjektet, 800.000 kr, vert utbetalt til vårt kontonummer 3720.15.11896.

Den KRД-finansierte delen av prosjektet vert avslutta 31.12.2013. For 2014 har Sogn og Fjordane Fylkeskommune løyvd midlar til vidareføring, og heile prosjektet vert som avtalt med KRД og SFFK sluttrapportert innan 01.05.2014.

Om de har spørsmål er det kjekt om de tek kontakt med underteikna på epost torgeir@brattmoro.no eller mobil 97 58 79 31.

For Bratt Moro



Torgeir Skålid
Prosjektleiar

Frist: 24. april

Sendes til: postmottak@krd.dep.no

Årlig rapport BOLYST

Til: Kommunal- og regionaldepartementet

Fra: Bratt moro AS

Dato: 19.11.2013

Kommune:	Sogndal
Prosjektnavn:	Møteplass og kunnskapsbase for fjellsport og ekstremспорт
Prosjektleder:	Torgeir Skålid
Leder i styringsgruppen:	Tor Yttri
Kontaktperson i fylkeskommunen:	Lisbeth Bringeboen
Forankring av prosjektet (flere kryss er mulig)	a) Styringsgruppe x b) Forankring i befolkningen x c) Samarbeid med andre aktører lokalt, regionalt eller nasjonalt x
Mål og eventuelle delmål med prosjektet. I hvilken grad har prosjektet nådd eller er prosjektet på vei til å nå sine mål?	<p>Prosjektet er i svært god framdrift og ser ut for å nå dei ambisiøse måla som vart sett for prosjektet "Møteplass og kunnskapsbase for fjellsport og ekstremспорт".</p> <p>Målet om å auka attraktiviteten til Sogndal og regionen, i form av auka trivsel, bulyst og tilflytting – har ein heilt klart nådd.</p> <p>I det følgjande tek vi for oss dei ulike delmåla i prosjektet og kommenterer dei i høve måloppnåing og status:</p> <ul style="list-style-type: none">- Skapa ein fast geografisk møteplass for fjellsportinteresserte personar. <p>Sogndal er, sidan etableringa av Fjellsportfestivalen 2008 og fram til i dag, vorte akkurat dette: Ein møteplass for personar med interesse for fjellsport. Vi har gjennom ei rekkje tiltak, som td. Fjellsportkonferansen og festivalane Fjell og Fjordmoro og Fjellsportfestivalen, laga ei rekkje arrangement som har samla gjester frå inn- og utland der tema har vore fjellsport i vidt perspektiv. Seinast hausten 2013 arrangerte vi den nordiske Skred- og friluftskonferansen, med 370 registrerte deltakarar frå heile Norden, og med førelesarar frå mellom anna Canada og Tyskland.</p> <ul style="list-style-type: none">- Gjera lokal kunnskap på høgt nasjonalt nivå (Vestlandsforskning, HISE, Norsk Bremuseum) tilgjengeleg for folk flest.

Her har vi gjenno ei rekkje seminar, både einskildståande og seminar som ein del av arrangementa nemnt over, greidd å få til akkurat dette; gjort kunnskapen til undervisnings- og forskingsmiljøa ved ulike institusjonar og organsisasjonar tilgjengeleg for natur- og friluftinteresserte i alle aldrar og samfunnslag. Døme for organisasjonar/institusjonar som har vore representert på seminara: NVE, Høgskulen i Sogn og Fjordane, Vestllandsforskning, NGU, Fri Flyt, Norges Røde Kors.

- **Forsterka gode opplevingar gjennom bruk av digitale verktøy.**

Her har vi lukkast godt med å byggja opp eit miljø der det vert levert formidling av gode opplevingar gjennom bruk av foto og videoa av svært høg standard. Gjennom eit tett og utviklande samarbeid med Ekstresportveko på Voss, der vi deler kunnskap og medarbeidarar med kvarandre, er vi i ferd med å skapa eit miljø og ein ressurs som også er ettertrakta hjå andre, også kommersielle aktørar. Vi er i ferd med å utvikla samarbeid med større aktørar på dette området, som kan gje oss ytterlegare løft i kvalitet. Her vil vi nemna Field Productions, eit norsk filmselskap som leverer skifilmar for den internasjonale marknaden.

- **Leggja til rette for tiltak og infrastruktur som opnar fjellheimen for fleire grupper.**

Her har vi, i nært samarbeid med Sogn og Fjordane fylkeskommune, Sogndal kommune og Statens vegvesen, m.a. bygt friluftsparkeringsplassen Brandhaugadn toppturparkering i Sogndalsdalen, med plass til om lag 100 personbilar. Bygginga vart slutført sommaren 2013 og framstår i dag som eit unikt prosjekt. Vi har også greidd å få til vinterparkering ved Frudalstunnelen i Sogndalsdalen. I nært samarbeid med Statens vegvesen har vi også etablert stopplommer langsmed Riksveg 5 gjennom Sogndalsdalen for Laussnøskepressen, noko som har vore eit viktig trafikktryggingstiltak. Vi har også etablert Laussnøekspressen i Sogndalsdalen, ein buss som plukkar opp skiløparar frå område som tidlegare ikkje vart nytta til skikøyring.

- **Vera ein pådrivar for bygdeutvikling i Sogndalsdalen/Sogndal og regionen elles.**

Bratt moro har gjennom prosjektet "Møteplass og kunnskapsbase for fjellsport og ekstresport" spelt ei sentral rolle i utforminga av Sogndal kommune sin nye arealplan, som har tilrettelegging for nyskapande friluftsliv som eit sentralt mål. Vi har elles gjennom fleire prosjekt sett at fokuset prosjektet vårt har skapt i Sogndal, har vore med og medverka til fleire nyetableringar som kjem under definisjonen bygdeutvikling. Vi kan nemna den nært nyleg oppstarta utbygginga av Hodelkve i Sogndaldalen som døme. Her er det no regulert inn fleire skiheisar, vel 500 fritidsbustader og ei rekkje andre infrastrukturelle tiltak som tek sikte på å utvikla ein heilårsdestinasjon.

- **Knyta nære band mellom etablerte aktivitetsverksemder og kunnskapsverksemder i regionen.**

Prosjektet vårt har gjennom ei rekkje tiltak kopla aktivitetsverksemder

	<p>og kunnskapsverksemdar i regionen gjennom arrangementa nemnt over. Vi kan også nemna det nyleg avslutta forskingsprosjektet ”Fjellverdiar – Friluftsliv, turisme og busetnad”, som Bratt moro er eigar av, der Vestlandsforskning og oplevingsverksemdene Ekstremsportveko og Bre & Fjell er sentrale aktørar. Resultata frå undersøkinga er i skrivande stund snart klart for publisering, men sllereie no registrerer vi stor interesse frå ulike hald om å vidareføra forskingsprosjektet.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Nyttegjera oss av og vidareutvikla førarkompetansen som finst lokalt (Sogn har den tettaste konsentrasjonen av internasjonalt godkjende tindevegleiarar). <p>Prosjektet har, særleg gjennom arrangemnetet Fjellsporfestivalen, nyttegjers seg av den lokale førarkompetansen i større og større grad. Såleis er prosjektet heilt klart med på å styrka næringsgrunnlaget for dei som sit med denne kompetansen, noko som sikrar desse større inntening og i neste omgang gjer denne næringsvegen meir attraktiv.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Greia å inkludera, involvera og engasjera unge med interesse for ekstremsport/fjellsporf/friluftsliv som ikkje vert fanga opp av andre organisasjonar. <p>Også her er prosjektet godt i gang med å lukkast, ikkje minst gjennom det før nemnde foto- og filmmiljøet vi har lukkast med å skapa, der forsmidling av eigen og andre sine opplevingar og aktivitetar står sentralt. Vi har også greidd, gjennom fleire av tiltaka, å skapa aktivitetar og møteplassar for unge utøvarar av jibbing (vinter) og sykling (sommar) som ikkje har andre organisasjonar å venda seg til lokalt. Vi er også i startgropa med å utvikla aktivitetar innan luftsport, der unge er primærmålgruppa.</p>
<p>Målgrupper for prosjektet, når prosjektet frem til disse?</p>	<p>Det er heilt klart at prosjektet har lukkast med å nå målgruppene sine så langt. Vi har invitert til og arrangert ei rekkje samlingar og møteplassar der vi særleg har vektlagt at nyttilflytte i Sogn kjenner seg inkludert, både studentar og personar som har søkt seg til Sogn for å arbeida og bu her. Desse har i sterk grad møtt fram og teke aktivt del i prosjektet, ikkje minst som frivillige i ulike arrangement Bratt moro står bak. Såleis har vi lukkast med å gjera prosjektet til eit integrerande tiltak, der dei som kjem hit tek del i aktivitetane og dugnadsarbeidet.</p> <p>Her er det ikkje alltid like lett å dokuemntera måloppnåing, men vi kan mellom anna visa til fleire medieoppslag som er med og dokumenterer effektane.</p>
<p>Resultat som er oppnådd i form av aktiviteter eller tiltak</p>	<p>Vi har greidd å skapa ei rekkje ulike møteplassar for målgruppa, slik som festivalar, konferansar, seminar, workshops og kurs. Her har vi ei svært stor spennvidde, frå kurs innan digital videoteknikk til seminar om fjellsporthistoria i Sogn. Så langt i prosjektet kan vi visa til ei rekkje tiltak som er starta opp, einiskilde av dei også fullførde. Døme her er infrastrukturelle tiltak som bygging av topptur-/friluftsparkering, etablering og vidareutvikling av transporttilbodet Laussnøekspresen, etablering og utprøving av skyttelbuss-tilbod for sti- og</p>

	<p>downhillsyklistar i Sogndal.</p> <p>I denne samanhengen er det også naturleg å trekkja fram etablering av fleire referansegrupper og ulike ekspertpanel som syter for innspel, evaluering og korrigering.</p>
Vurdering av framdrift i forhold til opprinnelig plan	<ul style="list-style-type: none"> a) Følger opprinnelig plan x b) Forsinket pga. c) Det er foretatt følgende justering
Oppnådde resultater Hvor geografisk konsentrert har prosjektet hatt/vil ha effekt? (Kryss av)	<ul style="list-style-type: none"> a) Helt lokal effekt b) Effekten kommer innen flere kommune i regionen. x c) Effekten kommer i hele fylket x d) Effekten kommer i eget og andre fylker e) Effekten kommer i eget fylke, samt andre fylker og/eller utenfor Norge f) Vet ikke/ikke relevant
Kort beskrivelse av metodikk i prosjektet (max 250 ord)	<p>Prosjektet ”Møteplass og kunnskapsbase for fjellsport og ekstremtransport” er svært omfattande og samansett, med ei rekkje delprosjekt og delmål. Difor vart prosjektleiaren i startfasen sendt på kurs i prosessplanlegging og –styring. I neste fase utvikla prosjektleiaren, saman med ein representant for Sogn og Fjordane fylkeskommune (Lisbeth Bringebøen) og ein representant for Distriktssenteret (Inga Skavhaug) ein prosessplan for prosjektet. Dette har vist seg svært tenleg og ein god reiskap i styringa av eit så omfattande prosjekt, omfattande fordi det femjer om veldig mange ogulike grupper og einskildpersonar.</p>
Overføringsverdi for eksempel til andre lokalsamfunn	<p>Vi trur prosjektet ”Møteplass og kunnskapsbase for fjellsport og ekstremtransport” har og vil ha stor overføringsverdi til andre lokalsamfunn, heilt eller delvis. I det store biletet handlar det om å skapa nye møteplassar, kopla ulike miljø saman – gjerne med eit klart mål om kva ein vil oppnå, men ikkje nødvendigvis. Vi ser at prosjektet har oppnådd veldig mange effektar og synergjar vi ikkje hadde planar eller tankar om då vi starta opp. Mykje handlar også om kartlegging av eigne kvalitetar i lokalsamfunnet, og vidareforedling av desse. Vi ser også ein stor effekt i kunnskapsoverføring frå profesjonelle fagpersonar og representantar for akademien, til vanlege brukarar av naturen, ikkje minst unge brukarar.</p>
Ekstern kommunikasjon og deltakelse på samlinger med utgangspunkt i prosjektet. Hvilke samlinger har dere deltatt på i forbindelse med	<p>Prosjekt ”Møteplass og kunnskapsbase for fjellsport og ekstremtransport” har fått mykje og god publisitet i media, både lokalt og regionalt.</p> <p>Vi har hatt vitjing av ei rekkje gjester og representantar for ulike lag og organisasjonar, både private og offentlege verksemder., så langt i prosjektperioden. Vi har også delteke på ei rekkje samlingar som følgjer av prosjektet. Her kan vi mellom anna nemna Kirkenes næringshage, Jostedalen bygdelag, Luster kommune, Aurland, Sognefjorden Næringshage, Nordfjordeid, Opera Nordfjord, Malakoff</p>

<p>prosjektet?</p>	<p>Rockefestival, Festival Voss, Ekstremsportveko, Jølster kommune.</p> <p>Vi vert stadig utfordra til å fortelja vår historie på ulike konferansar og seminar, noko vi sjølv sagt stiller opp på og prøver å skreddarsy for den aktuelle målgruppa.</p>
<p>Regnskap (satt opp slik at det kan sammenlignes med budsjettpostene)</p>	<p>Sjå vedlegg</p>
<p>Hvilke målsettinger i distrikts- og regionalpolitikken hører prosjektet inn under? (Sett kryss ved svaret, flere svar er mulig)</p>	<ul style="list-style-type: none"> a) Stabilisere eller øke befolkningen x b) Styrke, sikre eller etablere arbeidsplasser x c) Opprettholde/videreutvikle eksisterende virksomhet eller bidra til nyetableringer x d) Økt innovasjon eller innovasjonsevne x e) Økt kompetanse (både realkompetanse (både realkompetanse og formalkompetanse) for målgruppen x f) Økt tilgjengelighet (bedre veier, havner, andre transporttiltak og breibånd) g) Styrke regionale sentra x h) Å gjøre stedet/kommunen/området mer attraktivt som bosted eller lokaliseringssted for bedrifter? x i) Å gjøre stedet/kommunen/området mer attraktivt som reisemål? x
<p>Gi en kort omtal av hvordan arbeidet er tenkt videreført etter prosjektets slutt (maks 250 ord)</p>	<p>Dette skreiv vi mellom anna ved førre Bulyst-rapportering: ”Med dei positive effektane og resultatata så langt i prosjektet, er det heilt klart at prosjektet må vidareførast etter prosjektperioden. Korleis og i kva omfang har vi ikkje alle svara på i dag. Det er m.a. ei openberr utfordring å skapa økonomisk berekraft til vidareføring, ei utfordring vi vil og må løysa saman med andre, både offentlege og private organisasjonar. Prosjektet så langt har avdekka at det er stor trong for ein nasjonal møteplass og kunnskapsbase for fjellsport og ekstremsport. Per i dag utgreier vi ulike alternativ for lokalisering av eit senter, med arbeidstittelen ”Fjord-og fjellsportsenter”.</p> <p>Her er det ei rekkje utfordringar som må avklarast: Korleis finansierer vi dette, kva er det naturlege og ideelle balansen mellom kommersialisering og samfunnsansvar, kva er dei kritiske suksessfaktorane? Prosjektperioden vidare må søkja å finna svar og løysingar på desse spørsmåla.”</p> <p>Diverre er stoda nær uforandra i dag, trass mykje og hard jobbing Vi har enno ikkje noko klart svar på korleis vi skal greia å vidareførast eit prosjekt som openberrt bør foredlast vidare. 2014 vert eit lagnadsår i så måte, og det vert joba etter fleire spor der stabil og føreseieleg finansiering er den viktigaste utfordringa å finna ei løysing på.</p>

Til Det Kongelige Kommunal- og Regionaldepartement

REVISORS BERETNING

Vi har revidert prosjektregnskapet for Bratt Moro AS for ”Bulystprosjektet Kunnskapsbase og møteplass for fjellsport og ekstremспорт 2013”, som ble avsluttet 13.11.2013, som viser kostnader pr. samme dato på kr. 2.982.357,-. Prosjektregnskapet består av oppstilling over kostnader og note 1 som beskriver grunnlaget for oppstillingen. Prosjektregnskapet er utarbeidet av ledelsen i samsvar med note 1.

Ledelsens ansvar for prosjektregnskapet

Ledelsen er ansvarlig for utarbeidelsen av prosjektregnskapet, og for slik intern kontroll som ledelsen finner nødvendig for å muliggjøre utarbeidelsen av et prosjektregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil.

Revisors oppgaver og plikter

Vår oppgave er å gi uttrykk for en mening om prosjektregnskapet på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardene krever at vi etterlever etiske krav og planlegger og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at prosjektregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon.

En revisjon innebærer utførelse av handlinger for å innhente revisjonsbevis for beløpene og opplysningene i prosjektregnskapet. De valgte handlingene avhenger av revisors skjønn, herunder vurderingen av risikoene for at prosjektregnskapet inneholder vesentlig feilinformasjon, enten det skyldes misligheter eller feil. Ved en slik risikovurdering tar revisor hensyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapets utarbeidelse av et prosjektregnskap som gir en dekkende fremstilling. Formålet er å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige ut fra omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av enhetens interne kontroll. En revisjon omfatter også en vurdering av om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige, samt en vurdering av den samlede presentasjonen av prosjektregnskapet.

Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.


Konklusjon

Etter vår mening er prosjektregnskapet for Bratt Moro AS for ”Bulystprosjektet Kunnskapsbase og møteplass for fjellsport og ekstremспорт 2013”, som ble avsluttet 13.11.2013, i det alt vesentlige i samsvar med grunnlaget for regnskapsavleggelse beskrevet i note 1.

Grunnlag for regnskapsavleggelse og begrenset distribusjon

Vi gjør oppmerksom på note 1 til prosjektrengskapet, som beskriver grunnlaget for regnskapsavleggelsen. Prosjektrengskapet er utarbeidet for å gi informasjon til Det Kongelige Kommunal- og Regionaldepartement. Prosjektrengskapet er derfor ikke nødvendigvis egnet for andre formål. Vår uttalelse er kun beregnet på Det Kongelige Kommunal- og Regionaldepartement og skal ikke distribueres til andre parter. Dette forholdet har ingen betydning for vår konklusjon.

Sogndal, 25.november 2013
Deloitte AS


Gunn Irene Sviggum Bruheim
statsautorisert revisor

NOTE 1

Prosjektkostnader blir bokført slik:

1. Det blir oppretta eit eige prosjektnamn
2. Tilsette som jobbar med prosjektet fører timar fortløpande
3. Alle kostnader tilhøyrande prosjektet blir merka med prosjektnamn og dagleg leiar attesterer alle fakturaer
4. Det er brukt ein interntimepris på kr. 530,-

Prosjektoversikt:

Kostnader	2013
Årleg konferanse	kr. 551.977
Planlegging internasjonal konferanse	kr. 303.480
Fjellsporting	kr. 882.151
Fast ekspertpanel	kr. 278.425
Prosjektleiing og –stab	kr. 786.625
<u>Ymse kostnader</u>	<u>kr. 179.699</u>
<u>Totale kostander</u>	<u>kr. 2.982.357</u>